



19.06.2012

Til
Det kongelege kulturdepartement

**Høyringsvar til "Oppfølging av Stortingets dokument nr. 8:58 (2007–2008):
Forslag til endring i lov om stadnamn"**

16. april 2012 la Kulturdepartementet fram eit endringsframlegg til lov om stadnamn, som ei oppfølging av stortingsdokument nr. 8:58 (2007–2008). Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) ved Universitetet i Bergen vil med dette gje sitt høyringsvar til framlegget.

LLE har merka seg at departementet går inn for at *gardsnamn* framleis skal fastsetjast etter dagens saksbehandlingsreglar, men at skrivemåten av *bruksnamn* skal kunna fastsetjast etter ønsket til grunneigaren "hvis det kan dokumenteres at den ønskede skrivemåten har vært i offentlig bruk". LLE ser dette som eit mindre uheldig framlegg enn om endringane òg skulle gjelda *gardsnamn*, men vil likevel stilla seg prinsipielt avvisande til dei endringane som er føreslegne. Vi viser til §§ 6 og 8.

Endringsframlegga opnar etter instituttet sitt syn for at det vert etablert ein dobbel standard for normering og skrivning av stadnamn i Noreg: Nokre namn, altså *gardsnamna*, skal underkastast offentleg normering på grunnlag av nedervd munnleg overlevering og skrivast etter vanleg, gjeldande rettskriving. Andre namn, altså *bruksnamna*, skal derimot kunna attgjevast i ei ikkje-gjeldande rettskriving etter ønske frå eigaren eller festaren dersom forma kan dokumenterast i offentleg bruk.

LLE er klar over at eigaren sjølv har råderett over valet av *bruksnamn*. Likevel er det noko nytt i norsk namnenormering at eigaren fritt skal kunna velja forma på namnet. Kravet om dokumentert offentleg bruk av ei namneform er i denne samanhengen ikkje eintydig nok: Alt etter kva slags eller kor gamle kjelder ein brukar, kan 'offentleg bruk' vera inkonsekvent og variabel. Ein kan spørja om dokument frå 1600-talet, 1700-talet eller 1800-talet høver som kjeldegrunnlag, og om det er smak og preferansar hjå den einskilde eigaren som i så fall skal avgjera kva dokument som skal liggja til grunn. På ein og same gard kan ein få den situasjonen at eigarane har ulik smak – dels 1600-talsform, dels 1880-talsform etter dansk mønster, og dels ei namneform etter dagens gjeldande rettskriving.

side 1 av 2

Endringsframlegga opnar med andre ord for at skrivemåten av bruksnamn vil følgja andre prinsipp enn dei vi finn i den gjengse rettskrivinga, og vil på den måten gje eit inntrykk av mangel på system og klårleik. LLE må dermed åtvare mot dei føreslegne endringane.

Med helsing
for LLE



Johan Myking
instituttleiar

Kopi:
Universitetsdirektøren
Det humanistiske fakultet
LLE